



## Notat

Dato: 13.01.2015  
Arkivsak: 2015/428-1  
Saksbehandlar: karnyga3

---

**Til:** Samferdelsutvalet, fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Vedk. nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal**

Busskontrakten for Hardanger/Voss vert i dag drifta av Tide Buss og kontrakten for Modalen/Vaksdal vert drifta av Modalen-Eksingedalen Billag AS. Begge desse kontraktane utløper 15.08.16.

Arbeidet med å førebu nye anbod for desse kontraktane er starta opp.

Så langt er følgjande beslutta:

- Hardanger og Voss vart ved første gongs konkurranseutsetting utlyst som to separate rutepakkar. Det vert i komande anbodskonkurranse lagt opp til at Hardanger og Voss blir utlyst som ein rutepakke
- Modalen/Vaksdal held fram som eiga rutepakke
- Ein legg opp til å videreføre ordninga i desse rutepakkane om at operatør sjølv finn nødvendige bussanlegg for eiga rekning

Når det gjeld rutetilbodet har det vore gjennomført møter med aktuelle kommunar. Samtlege kommunar har vore inviterte til å kome med innspel på omprioriteringar innanfor sitt område. Omlegginga i indre Hardanger/Voss i 2013 ligg fast, og ein ser ikkje for seg store endringar i rutetilbodet.

Framdriftsplanen for gjennomføring av konkurransen for dei to kontraktane ser slik ut:

- |                                     |                 |
|-------------------------------------|-----------------|
| - Dialogkonferanse                  | 23. Januar 2015 |
| - Utlysing - kvalifikasjonsgrunnlag | 2. mars 2015    |
| - Søknadsfrist – deltaking konk.    | 2. april 2015   |
| - Utsending konkurransegrunnlag     | 4. mai 2015     |
| - Tilbudsinnlevering                | 10. aug 2015    |
| - Forhandlingar                     | aug/sept 2015   |
| - Signering                         | Primo okt. 2015 |
| - Oppstart                          | 16. august 2016 |

På dialogkonferanse som blir gjennomført 23. januar er samtlege operatørar og bussleverandørar invitert. Føremålet med denne konferansen er å få innspel på konkurransegrunnlaga. Følgjande tema vil bli handsama på konferansen:

- Vognkrav
- Individuell tilrettelagt skuleskyss
- Kvalitetskrav - insentivordningar
- Prismodell
- Bestillingstransport
- Andre tema